

Vestland fylkeskommune

Vår ref:
Sak: 21/488 JpID: 21/10340 Sbh: ABJ

Dykkar ref.

Dato:
19.03.2021

Høyringsuttale frå Nordfjordrådet til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland

1. Om Nordfjord som region

Nordfjord er den nordlegaste delen av Vestland fylke, og er ein bu- og arbeidsmarknadsregion med ca 30.000 innbyggjarar beståande av kommunane Stryn, Stad, Gloppen og deler av Bremanger og Kinn. Det er også kort pendlaravstand frå Sunnmørskommunane Stranda, Volda, Ørsta og Vanylven i Møre og Romsdal fylke inn til Nordfjord (ca 50-60.000 menneske til saman i Nordfjord og nærliggande kommunar i pendlingsavstand på Sunnmøre)


Nordfjord har fire om lag jamstore senter: Måløy, Nordfjordeid, Stryn og Sandane – som alle har vidaregåande skule, sterke næringslivsmiljø, kultur- og idrettstilbod etc.

Folketalet i Nordfjord har dei siste 10 åra vore stabilt/ svakt stigande, men med lågare vekst enn landssnittet og snittet for Vestland fylke. Det er høg sysselsettingsandel av befolkninga i Nordfjord, i likskap med Vestland fylke elles.

Nordfjord har eit variert næringsliv med flest sysselsette innanfor bransjen industri, etterfølgd av bransjene varehandel og bygg/anlegg. Industribransjen i Nordfjord er svært variert, med bedrifter som produserer alt frå næringsmiddel, båtar, plast- og kompositt, trevarer, glas, maskiner og elektriske produkt – ofte til ein nasjonal/ internasjonal marknad.


Reiseliv, fiske/havbruk og energi er også bransjer med relativt sett mange sysselsette i Nordfjord. Nordfjord har også relativt sett mange sysselsette innanfor teknisk/vitskaplege tenester. Her er Nordfjord sterkeste region i Vestland utanfor Bergensområdet (Telemarksforsking: Regional analyse for Vestland).

Det er svært få statlege arbeidsplassar i Nordfjord i høve folketalet. Nordfjord ligg heilt nede på 60. plass av 73 bu- og arbeidsmarknadregionar i landet i statlege arbeidsplassar (Telemarksforsking: Regional analyse for Vestland). Det er lågare enn alle andre regionar i Vestland enn Nordhordland (som har pendlingsavstand til Bergen).




Lokaliseringkvotient for statlege arbeidsplassar i regionane i Vestland i 2019. Nordfjord ligg heilt nede på 60. plass av 73 bu- og arbeidsmarknadsregionar i Noreg. (Kjelde: Regional Analyse for Vestland, Telemarksforskning 2021).

Telemarksforskning sine regionale analyser for Vestland syner vidare at Nordfjord som region har hatt låg næringsattraktivitet i perioden 2010-2020 (lågare arbeidsplassvekst enn forventa), medan veksten i verdiskaping i næringslivet er omtrent som landssnittet. Produktiviteten i næringslivet i Nordfjord samla er mellom dei høgaste i landet – både i absolutte tal og «bransjejustert» ut frå samansetninga av bransjar i næringslivet.



Bransjejustert produktivitet (verdiskaping pr sysselsett) i regionane i Vestland i 2019. (Kjelde: Regional Analyse for Vestland, Telemarksforskning 2021).

Eit anna interessant funn i Telemarksforsking sine analyser er at det er eit lågt utdanningsnivå i Nordfjord – både i absolutte tal og relativt samanlikna med ein kunne vente ut frå arbeidsmarknaden i regionen. Det er ut frå dette stor trøng for etter- og vidareutdanning i regionen.



Utdanningsnivå i den sysselsette befolkninga i regionane i Vestland i 2019. (Kjelde: Regional Analyse for Vestland, Telemarksforsking 2021).

Nordfjordrådet, regionrådet i Nordfjord, har i gjeldande strategiplan blinka ut følgjande satsingsområde for Nordfjord som region basert på utviklingstrekk i samfunnet, nasjonale og fylkeskommunale føringer og strategidiskusjonar i Nordfjordrådet:

- **Regionutvikling gjennom satsing på ein fleirkjernestruktur og felles identitetsbygging** (vere ein attraktiv samla bu- og arbeidsmarknadsregion)
- **Utvikling og vekst i nye og grøne næringar** (vere i forkant av det grøne skiftet og ein føregangsregion innan fornybar energi)
- **Inkludering i Nordfjord** (vere ein god stad for nye tilflyttarar uansett nasjonalitet)
- **Utdanningstilbod og sams spel mellom næringsliv, offentleg sektor og FoU-miljø** (eit utdannings- og kompetansetilbod som er i sams spel med næringslivet sine behov)

For kvart av dei fire satsingsområda til Nordfjordrådet er det blinka ut mål, strategiar og ein tilhøyrande handlingsplan.

2. Innspel til planen frå Nordfjordrådet

Nordfjordrådet støttar den bransjenøytrale tilnærminga planen har. Dei tre satsingane viser også at fylkeskommunen har lagt til grunn ei brei tilnærming til næringsutvikling, og med dette også reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, klima og miljø, økonomi og sosiale forhold, på ein god måte.

Demografiutvalet peikar i sin NOU 2020:12 Det handler om Norge på at ein av dei mest akutte utfordringane vi no står ovanfor i distrikta handlar om tilgang til grunnleggande tenester og kvalitetane på desse. NOU 2020:15 nyttar samleomgrepet «Demografiutfordringer» om summen av tre forhold som vil prege distrikts-Noreg i framtida: Folketalsnedgang, aldring og spreidd busetnad.

Forsking syner at distriktskommunar som klarer å snu seg raskt rundt og nytte moglegheitene som opnar seg som følge av samfunnssendringar rundt seg, har betre høve til å oppnå vekst i folketal og arbeidsplassar enn andre. Dette føreset mellom anna at det eksisterer ein kultur og kompetanse for innovasjon og nytenking. Det er også nødvendig at vi finn nye løysningar på samfunnsutfordringar i samarbeid mellom innbyggjarane, næringslivet, forskingsmiljø og sivilsamfunnet.

Demografiutvalet konkluderer med at det er mulig å stabilisere folketalet i distrikta i åra som kjem, men at det vil kreve ein aktiv distriktpolitisk innsats. Mykje ligg allereie godt til rette for fleire arbeidsplassar i distrikts-Noreg – særleg i privat sektor. Trass i dette vel mange unge å busetje seg i og rundt større byar. Det blir difor stadig meir avgjerande å stimulere til «bulyst» i distrikta – mellom anna gjennom auka satsing på desentralisert utdanning, desentralisering av statlege arbeidsplassar som kan supplere/komplettere arbeidsmarknaden i privat næringsliv og gode lokalsamfunn for familiar og unge arbeidssøkarar. Utvalet meiner eit brede spekter av tiltak må til, mellom annet innanfor samferdsle, helsetenester, utdanning og bustadmarknaden. Dei foreslår også eit program for utprøving av nye tiltak i distriktpolitikken, der tiltaka blir prøvd ut i eit utval kommunar og evaluert før dei eventuelt blir innført i stor skala.

Ein viktig konklusjon i Distriktsnæringsutvalet (NOU 2020:15) sitt arbeid, er at det går godt for store deler av næringslivet i Distrikts-Noreg. Dersom ein ser bort frå finansnæringa, har bedrifter i dei minst sentrale kommunane i Noreg hatt sterkare vekst i verdiskapinga og produktiviteten enn gjennomsnittet for landet dei siste ti åra.

Utvalet konkluderer mellom anna ut frå dette med at folketalsnedgangen i distrikta ikkje først og fremst skuldast mangel på arbeidsplassar i næringslivet eller mangel på næringspolitisk innsats. Utvalet meiner at ein effektiv distriktpolitikk i tillegg må bestå av eit brede spekter av tiltak som gjer det attraktivt å flytte eller bli verande i distrikta. Døme på dette er utflytting av statlege arbeidsplassar for å bidra til meir varierte arbeidsmarknader, gode fritidstilbod, tilgang til skule og barnehage, bustader og kulturtilbod.

Distriktsnæringsutvalet peiker på at utdanningssystemet spelar ei sentral rolle ved val av bustad og dermed også for tilgangen til framtidig arbeidskraft for næringslivet i ein region. Utvalet viser til studiar som syner at 70% blir verande i regionen der dei har gjennomført studia, og gir ut frå dette mellom anna følgjande tilrådingar:

- Det bør innføres incentiver for at universiteter, høyskoler og fagskoler skal etablere flercampusmodeller for å møte arbeids- og næringslivets behov over hele landet, samtidig som det skapes relevante kunnskapsmiljøer i krysningspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv.
- Institusjoner innenfor høyere utdanning er i stor grad lokalisert i sentrale områder. Strukturreformen som er gjennomført, vil kunne bidra til ytterligere sentralisering av utdanningsinstitusjonene, ved at utdanningstilbod i distrikte blir lagt ned. Incentivsystemet og finansieringen av universitetene, høyskolene og fagskolene bør utformes slik at det stimulerer til desentralisert studiestedstruktur.
- For å dekke det lokale og regionale nærings-livets behov for arbeidskraft er det behov for fleksible etter- og videreutdanningstilbod i regi av universitetene, høyskolene og fagskolene, utover det som tilbys i dag.
- Koronasituasjonen har vist at digitale plattformer kan brukes i større grad enn tidligere og dermed kan bidra til at etter- og videreutdanning i større grad kan tas fra distrikte. For

utdanninger som er særlig etterspurt i Distrikts-Norge, bør det vurderes undervisningsopplegg som bidrar til desentralisert opplæring».

Distriktsnæringsutvalet peikar også på at «..bo- og arbeidsmarkedsregioners egenskaper er viktigere for bedrifters lokalisering, vekst og utviklingsmuligheter enn enkeltkommuners rammebetingelser og egenskaper.» (kap 8.1.5).

Nordfjordrådet meiner det er viktig at Regional Plan for Innovasjon og Næringsutvikling tek opp i seg og er på line med den «breie tilnærminga» for vellukka utvikling av distriktsregionar i Vestland og elles i Noreg som er tilrådd i NOU 2020:12 og NOU 2020:15.

Basert på ovannemnde, bør ein vurdere m a følgjande tiltak i den regionale handlingsplanen:

Statlege og fylkeskommunale kompetansemiljø og Nordfjord som bu- og arbeidsmarknadsregion

Vi syner til omtalen over om sentrale funn i NOU 2020:12 og NOU 2020:15 om kva som skal til for å lukkast med ein heilskapleg positiv utvikling av distrikta

- Vestland fylkeskommune må vere ein aktiv medspelar i å etablerer fleire statlege og fylkeskommunale kompetansemiljø og arbeidsplassar i Nordfjord. Det er viktig også for å lukkast med næringsutvikling.
- Fylkeskommunen må vere ein medspelar i å arbeide strategisk og langsiktig med å utvikle Nordfjord som ein sterkare felles og endå meir funksjonell bu- og arbeidsmarknadsregion

Vegkart for grøn omstilling og innovasjon Vestland

- Vegkart for stevnis og radikal innovasjon som tek omsyn til dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, og som er bransjeorientert – gjerne kopla mot smart spesialisering.
- Stimulere til nye nettverk og samarbeid på tvers av privat/offentleg basert på funna i det vidare arbeidet i Vestland med smart spesialisering, jmf til dømes erfaringane ein har hatt i Nordfjord gjennom etableringa av «Beredskapsteam Nordfjord»
- Transport og infrastruktur som ein nøkkel til å lukkast med grøn omstilling, jmf prosjekt «Grøn Transport Nordfjord»

Desentralisert utdanning – sterke «kunnskapsinfrastruktur» også i Distrikts-Vestland

Mangel på rett kompetanse er den største utfordringa til næringslivet i Nordfjord. Konsekvensen blir at enkelte bedrifter må seie nei til oppdrag, medan andre ikkje får teke ut potensialet for vekst og utvikling det blir stagnasjon i bedriftene og i lokalsamfunna der bedriftene er etablerte. Fagutdanning som svarar til næringslivets behov og desentraliserte utdanningstilbod blir sett på som sentrale tiltak for både å hindre fråflytting og handtere næringslivets manglende tilgang på arbeidskraft. Studentmiljø og statlege fagmiljø må gå «hand i hand» for å skape attraktive miljø.

- Utvikle heilskaplege strategiar for utdanningssystem på bu- og arbeidsmarknadsnivå (til dømes Nordfjord) og kompetansearbeidsplassar som «matchar» dei desentraliserte – i samarbeid med næringsliv, vidaregåande skular, NAV, vaksenopplæring/kommunane).
- Etablere fleire desentraliserte fagskule- og høgskuletilbod i Vestland, spissa inn mot kompetansebehov i regionane og i samarbeid med fagmiljøa på dei vidaregåande skulane.

Rett areal for rett næring til rett tid

Telemarksforsking peikar i sine analysar på at det er ein direkte samanheng mellom mangel på attraktive næringsareal og mangel på vekst i næringslivet. Vi er samde i at rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur, er eit sentralt element i arbeidet med næringsutvikling, slik det vert lagt vekt på i den regionale planen.

Kommunane i Nordfjord opplever at arbeidet med arealplanlegginga er vanskeleg. Dei mange og omfattande motsegnene både frå statlege organ og dels også fylkeskommunen, gjer at det lokale handlingsrommet i praksis vert for lite. Det vert stilt krav til skred- og flaumsikring, vern av naturmangfald, utgreiing av kvikkleirefare mm. I tillegg opplever vi at det vert stilt rekjkjefølgjekrav knytt til infrastruktur som ikkje er kommunal. Krav om gang- og sykkelvegar langs fylkeskommunale vegar er eit godt døme på dette.

Samla sett representerer dette kostnader langt utover den økonomiske berekrafta til ein einskildkommune. Vi er opptekne av tryggleiken til innbyggjarane våre, men ønskjer ein klår strategi om statleg medfinansiering og tettare samspel mellom stat, fylke og kommunar for at vi skal kunne ivareta denne på ein god måte.

- Utvikle strategi og støtteordningar knytt til bruken av kystlinja, kysten som samferdsleåre og behovet for ny/vidareutvikling av hamn og grøn infrastruktur.
- Utvikle vegkart for transformasjon og fortetting av tettstadar – pilotprogram?
- Etablere lærings- og nettverksarena knytt til strategisk planlegging som også reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, klima og miljø, økonomi og sosiale forhold
- Statleg medfinansiering av nødvendige arealavklaringar (til dømes skred-og flaumsikring, kvikkleirekartlegging etc) og tettare samspel mellom stat, fylke og kommunar for at vi skal kunne møte forventingane om å ha «rett areal for rett næring til rett tid» på ein god måte.

Verkemiddelapparat og tilskotsordningar

Distriktsnæringsutvalet viser i sin NOU 2020:12 til at næringslivet i distrikta generelt brukar verkemiddelapparatet i større grad enn resten av landet. Og at dette kan vere eit uttrykk for at distrikts-næringslivet har eit større behov for verkemidla og at verkemidla har større betydning i distriktsnæringsområda.

- Vidareføre ordninga med lokale næringsfond – som handtering av Covid-19 situasjonen
- Arbeide målretta med å styrke reiselivet som ei framtidig berekraftig distriktsnærings, både gjennom satsing på destinasjonsselskap, kompetanseheving i små og mellomstore reiselivsbedrifter (bedriftsnettverk mm)
- Vurdere oppretting av ei eit satsing på innovasjon/utvikling av landbruket kobla opp mot natur-, og kulturbasert reiseliv – med kopling mot IN sine «nye» støtteordningar

Regionråda/ bu- og arbeidsmarknadsregionane si rolle

Regional utvikling, verdiskaping og innovasjon krev langsigktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Basert på dette tilrår vi at:

- Regionråda blir viktige samarbeidspartar, og vil kunne vere ein koordinerande part på område innanfor næringsutvikling og reiseliv.

- Ein satsar på sterke, funksjonelle bu og arbeidsmarknadsregionar, og byggjer kapasitet på bu og arbeidsmarknadsregion nivå (Strukturar som Regionalt Beredskapsteam Nordfjord (initiert av Nordfjordrådet bør ikkje vere eit «blaff».)
- Fokusere på «kundereisa» for besøksnæringa og stimulere til eit samanhengande transportsystem og produktutvikling (tilskot til SMB-utvikling og nettverk)
- Avklare/sjå nærrare på destinasjonsselskapa sine roller i høve til marknadsføring av Vestland
- Stad skipstunell opnar ein mogelegheit der kommunane i regionen, fylket og sentrale myndigheter, saman kan planlegge og realisere regional samfunnsutvikling

Nordfjordrådet handsama i møte 15.03.2021 NR-sak 21/488 - *Høyring - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Høyringsfrist 26.03.2021:*

https://stad.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021009212&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=568&

Med venleg helsing

Alfred Bjørlo
Leiar Nordfjordrådet

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Ver venleg å oppgje referansenummer 21/10340 dersom du tek kontakt med oss.